

# Informasjon om nasjonale prøver

2012

Til foreldre som har barn på 5., 8. og 9. trinn





### Kva er nasjonale prøver, og kvifor har vi nasjonale prøver?

Nasjonale prøver skal vurdere korleis skolen lykkast med å utvikle dei grunnleggjande ferdigheitene til elevane i lesing og rekning og i delar av faget engelsk.

Dei grunnleggjande ferdigheitene er å kunne:

- uttrykkje seg munnleg
- uttrykkje seg skriftleg
- lese
- rekne
- bruke digitale verktøy

Desse ferdigheitene er viktige for læring og utvikling i alle fag og har mykje å seie for korleis elevane klarer seg på skolen, og seinare i livet.

Prøvene i rekning og lesing er ikkje prøver i faga norsk, samisk og matematikk, men i lesing og rekning som grunnleggjande ferdigheiter på tvers av fag. Prøvene i engelsk fokuserer på leseforståing, ordforråd og grammatikk.

Skolen må sjå på informasjon frå prøvene i samheng med annan informasjon om elevane. Prøvene skal komme til nytte for utviklinga til den enkelte eleven i samarbeid mellom lærar, elev og foreldre.

### Kven skal gjennomføre prøvene, og kva for prøver skal elevane ta?

Nasjonale prøver skal gjennomførast på 5., 8. og 9. steget. Hovudregelen er at alle elevane skal delta.

Fritak kan gjevast til

- elevar med rett til spesialundervisning eller elevar med rett til særskild språkopplæring, og der det samtidig
- er klart at prøveresultata ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa

Sjølv om ein elev har rett til fritak, kan eleven sjølv eller de som foreldre likevel bestemme at eleven skal gjennomføre prøva.

Elevar på 5. og 8. steget skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk. Elevar på 9. steget skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing og rekning. Desse prøvene er dei same prøvene som for 8. steget.

Elevar på 5., 8. og 9. steget med nordsamisk som førstespråk skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing på nordsamisk. Elevar på 5., 8. og 9. steget med nord-, sør- og lulesamisk som førstespråk skal gjennomføre nasjonale prøver i rekning på samisk.

Prøvene i engelsk og rekning er elektroniske prøver. Prøvene i lesing skal gjennomførast på papir.

### Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Prøvene består av fleirvalsoppgåver og opne oppgåver. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal, mens fleirvalsoppgåver vil seie at eleven skal velje eitt av fleire svaralternativ.

Resultata frå prøva skal kunne gje informasjon om elevar på alle ferdighetsnivåa. Prøvene er derfor sette saman av lette, middels og vanskelege oppgåver.

På Utdanningsdirektoratets nettsider finn de eksempel på oppgåvetypar som blir brukte i dei nasjonale prøvene. Her finn de også tidlegare elektroniske prøver i engelsk og rekning.

### Kven får tilgang til resultatane?

Eleven og foreldra skal få tilbakemelding frå læraren om resultatane frå prøvene når resultatane er klare.

Resultata for kommunane og fylka blir offentleggjorde på vår nettside Skoleporten. Vi legg ikkje ut resultatane for skolane, men skolar og kommunar kan velje å offentleggjere resultatane sine.

Offentleglova krev at vi må gje ut resultatane for skolar når vi får spørsmål om innsyn. Det einaste unntaket er dersom enkeltelevlar kan identifiserast. Derfor kan ein finne resultat frå enkelt-skolar i ulike aviser og på nettsider.

Resultata for skolen vil vere tilgjengelege for rektor og kommunen. Desse resultatane skal brukast i arbeidet med å gjere kvaliteten på opplæringa betre.

Lærarane og skolen har teieplikt om prøveresultata til den enkelte eleven.

### Lurer du på noko?

Ta kontakt med skolen din.

Les meir på:

[www.udir.no/nasjonaleprover](http://www.udir.no/nasjonaleprover)  
[www.udir.no/skoleporten](http://www.udir.no/skoleporten)

### Prøvene skal gjennomførast frå veke 37 til veke 46

Elevar som ikkje har moglegheit til å gjennomføre nasjonale prøver på den oppsette prøvedagen, skal få tilbod om å gjennomføre prøvene seinare.

Veke:	Dato:	Prøve og steg:	Prøvetype:
37	Onsdag 12. september	Lesing 5., 8. og 9. steget	Papirprøver
38	17.-21. september	Engelsk 5. steget	Elektroniske prøver
39	24.-28. september	Engelsk 8. steget	Elektroniske prøver
42	15.-19. oktober	Rekning 5. steget	Elektroniske prøver
43 og 44	22. oktober til 2. november	Rekning 8. og 9. steget	Elektroniske prøver

Prøvetida for lesing og rekning er 90 minutt, mens prøvetida for engelsk er 60 minutt.



## Bokmål

### Hva er nasjonale prøver, og hvorfor har vi nasjonale prøver?

Nasjonale prøver skal vurdere hvordan skolen lykkes med å utvikle elevenes grunnleggende ferdigheter i lesing og regning og i deler av faget engelsk.

De grunnleggende ferdighetene er å kunne:

- uttrykke seg muntlig
- uttrykke seg skriftlig
- lese
- regne
- bruke digitale verktøy

Disse ferdighetene er viktige for læring og utvikling i alle fag og har stor betydning for hvordan elevene klarer seg på skolen, og senere i livet.

Prøvene i regning og lesing er ikke prøver i fagene norsk, samisk og matematikk, men i lesing og regning som grunnleggende ferdigheter på tvers av fag. Prøvene i engelsk fokuserer på leseforståelse, ordforråd og grammatikk.

Skolen må se på informasjon fra prøvene i sammenheng med annen informasjon om elevene. Prøvene skal komme til nytte for den enkelte elevs utvikling i samarbeid mellom lærer, elev og foreldre.

### Hvem skal gjennomføre prøvene, og hvilke prøver skal elevene ta?

Nasjonale prøver gjennomføres på 5., 8. og 9. trinn. Hovedregelen er at alle elever skal delta.

Fritak kan gis til

- elever med rett til spesialundervisning eller elever med rett til særskilt språkopplæring, og der det samtidig
- er klart at prøveresultatene ikke vil ha mye å si for opplæringen

Selv om en elev har rett til fritak, kan eleven selv eller dere som foreldre likevel bestemme at eleven skal gjennomføre prøven.

Elever på 5. og 8. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing, regning og engelsk. Elever på 9. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing og regning. Disse prøvene er de samme prøvene som for 8. trinn.

Elever på 5., 8. og 9. trinn med nordsamisk som førstespråk skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing på nordsamisk. Elever på 5., 8. og 9. trinn med nord-, sør- og lulesamisk som førstespråk skal gjennomføre nasjonale prøver i regning på samisk.

Prøvene i engelsk og regning er elektroniske prøver. Prøvene i lesing gjennomføres på papir.

### Hva slags oppgaver skal elevene løse?

Prøvene består av flervalgsoppgaver og åpne oppgaver. På åpne oppgaver skal elevene svare med egne ord eller med tall, mens flervalgsoppgaver betyr at eleven skal velge ett av flere svaralternativer.

Resultatene fra prøven skal kunne gi informasjon om elever på alle ferdighetsnivåer. Prøvene er derfor satt sammen av lette, middels og vanskelige oppgaver.

På Utdanningsdirektoratets nettsider finner dere eksempler på oppgavetyper som brukes i de nasjonale prøvene. Her finner dere også tidligere elektroniske prøver i engelsk og regning.

### Hvem får tilgang til resultatene?

Eleven og foreldrene skal få tilbakemelding fra læreren om resultatene fra prøvene når resultatene er klare.

Resultatene for kommuner og fylker blir offentliggjort på vår nettside Skoleporten. Vi legger ikke ut resultater for skoler. Skoler og kommuner kan velge å offentliggjøre sine resultater.

Offentleglova krever at vi må gi ut skolers resultater når vi får spørsmål om innsyn. Det eneste unntaket er hvis enkeltelever kan identifiseres. Derfor kan man finne enkeltskolers resultater i ulike aviser og på nettsider.

Resultatene for skolen vil være tilgjengelig for rektor og kommunen. Disse resultatene skal brukes i arbeidet med å gjøre kvaliteten på opplæringen bedre.

Lærerne og skolen har taushetsplikt om den enkelte elevs prøveresultater.

### Lurer du på noe?

Ta kontakt med din skole.

Les mer på:

[www.udir.no/nasjonaleprover](http://www.udir.no/nasjonaleprover)  
[www.udir.no/skoleporten](http://www.udir.no/skoleporten)

### Prøvene gjennomføres fra uke 37 til uke 46

Elever som ikke har mulighet til å gjennomføre nasjonale prøver på den oppsatte prøvedagen, skal få tilbud om å gjennomføre prøvene senere.

Uke:	Dato:	Prøve og trinn:	Prøvetype:
37	Onsdag 12. september	Lesing 5., 8. og 9. trinn	Papirprøver
38	17.-21. september	Engelsk 5. trinn	Elektroniske prøver
39	24.-28. september	Engelsk 8. trinn	Elektroniske prøver
42	15.-19. oktober	Regning 5. trinn	Elektroniske prøver
43 og 44	22. oktober til 2. november	Regning 8. og 9. trinn	Elektroniske prøver

Prøvetiden for lesing og regning er 90 minutter, mens prøvetiden for engelsk er 60 minutter.

Schweigaards gate 15 B  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)  
Utgitt juni 2012